

# Himmel & hav

INFORMASJON 2. ÅRGANG / NR. 1 2024



## Ny fellesrådsleiar

Gisle Kårbø Rong er nyvalt leiar i fellesrådet og klar til å ta fatt på ei ny oppgåve!

SIDE 4





**Annlaug Børve**  
Kyrkjevevjerje

## Gå ikkje glipp av noko verdifullt!

«Eg ønskjer ikkje å gå glipp av noko verdifullt ved å ikkje vere med,» seier Gisle Kårbø Rong på s 5. Som du kan forstå av artikkelen gir Gisle mykje tid og energi til kyrkjeleg arbeid i Øygarden. Samtidig seier han: «Eg får meir att enn eg gjev.»

Gisle avløyser Dag-Olav Bjørøy som fellesrådsleiar. Dag-Olav har bidratt med ikkje mindre enn 17 år som rådsleiar, og på s. 15 takkar vi han for innsatsen. Også Kjell Andersland som du kan lese om på s. 14 har glede av å vere med i kyrkjeleg arbeid. Og på s 12 kan du lese om aksjon godheit, der frivillige i ulike kyrkjelydar for 10. gong tilbyr folk som treng det hjelp av ulikt slag. Fordi dei trur at «små ting gjort i kjærleik kan forandre verda.» Hugs at også gjevartenesta som du kan lese om på s. 16, er ein viktig del av frivilligheita i kyrkjelydane.

Dersom du har lyst til å ta del i noko verdifullt: Ta kontakt med kyrkjekontoret og meld deg som frivillig. Du er velkomen i fellesskapen, det er bruk for deg og du kan utgjere ein forskjell for andre menneske.

Og vi håpar at du som Gisle kan oppleve at du får att meir enn du gjev.

Når dette bladet går i trykken er vi akkurat komen i gang med fastetida. Fastetida kan også vere ei dør inn til noko verdifullt. På nettsida vår finn du ein bøne- og bibelleseplan du kan bruke i tida fram mot påske. Vi ønskjer deg ei god fastetid og ei velsigna påskehøgtid når vi kjem så langt!



[kyrkja.no/oygarden/fastetida](https://kyrkja.no/oygarden/fastetida)

### Utgevar:

Øygarden kyrkjelege fellesråd

### Ansvarleg redaktør:

Annlaug Børve, kyrkjevevjerje

### Redaktør og grafisk utforming:

Yngvild Mørner Sørheim

**Redaksjon:** Olai Otterå (Sund sokn), Ragnhild Andersland (Fjell sokn), Alvhild Vassel Eide (Landro sokn), Olav Martin Vik (Hjelme og Blomvåg sokn)

**Framsdebilete:** Gisle Kårbø Rong

**Foto:** Espen Tveten



**Trykk:** RK Grafisk

**Opplag:**

4 nummer i året.

**Frivillig kontingent:** 350 kr i Øygarden, 400 kr utanbygds - Takk for di støtte!

**Bankgiro kyrkjeblad:** 1503.84.37590

**Vipps kyrkjeblada i Øygarden:** 82511

**Innleveringsfrist** for annonsar, artiklar og kunngjeringar til neste nummer av Himmel&hav: 23. april

**E-post redaksjon:** [ys487@kyrkja.no](mailto:ys487@kyrkja.no)

### Øygarden kyrkjekontor,

Tytebærbrekko 2, 5353 Straume  
Vi har kontor i andre etasje i Temahuset.

**Telefon:** 400 03 316

Ekspedisjonstid alle kvardagar kl. 09.30–14.30

**E-post:** [post.oygarden@kyrkja.no](mailto:post.oygarden@kyrkja.no)

**Nettsider:** [www.kyrkja.no/oygarden](http://www.kyrkja.no/oygarden)

## Kvifor får du Himmel&hav i postkassa di?

Magasinet blir lagt i alle postkassar i heile Øygarden. Det blir gjort fordi det blir rekna som informasjon, og ikkje reklame, i samsvar med Markedsføringsloven og Forbrukartilsynet si rettleiing for levering av uadressert reklame og aviser. Vi har dessverre ikkje høve til å trekkje ut adresser, så om du ikkje ønsker bladet, ber vi deg om å sortere bladet i papirsøppelet. Bladet er trykt på resirkulerbart papir.

# Innhald

4



6



9



16



28



13



- |                                    |                                   |  |
|------------------------------------|-----------------------------------|--|
| <b>04</b> Ny fellesrådsleiar       | <b>15</b> Nytt fellesråd          | <b>22</b> T-dagen                      |
| <b>06</b> Årets konfirmantar       | <b>16</b> Gjevarteneste           | <b>23</b> Stor stas med juletreffest   |
| <b>09</b> God nok                  | <b>17</b> Tankar frå presten      | <b>24</b> Smånytt                      |
| <b>10</b> Konsertar og arrangement | <b>18</b> Livets gang             | <b>27</b> Lavvo ved Landro kyrkje      |
| <b>12</b> Aksjon Godheit           | <b>19</b> Nye i kyrkjestaben      | <b>28</b> Lys Vaken - ei natt i kyrkja |
| <b>13</b> "Ein hobby eg har"       | <b>19</b> Vel møtt til årsmøte    | <b>30</b> Gudstenester                 |
| <b>14</b> Skjergardsheimen         | <b>20</b> Barn og unge sine sider |  |

Himmel&hav er eit gratis magasin med frivillig kontingent frå Den norske kyrkja i Øygarden; sokna Sund, Fjell, Foldnes, Landro og Hjelme og Blomvåg.



Gisle Kårbø Rong (i midten)  
er kyrkjekaffiansvarleg i  
Blomvåg kyrkje

## – Eg får meir att enn eg gjev

Gisle Kårbø Rong har mange jern i elden. Han trur Gud stadig opnar nye vegar framfor han og at han skal svare ja til å gå dei. Som nyvalt leiar av Øygarden kyrkjelege fellesråd er han klar til å ta fatt på ei ny oppgåve.

### Tekst og foto: Espen Tveten

Gisle entrar kyrkjekontoret på Rong tidleg ein morgon før arbeidsdagen held fram i Bergen. 48-åringen som set seg i stolen er van med leiaroppgåver. Som

administrerande direktør i Stødig ship managment er han sjef for 26 personar på kontoret på Hop. I tillegg har selskapet 32 tilsette i ulike europeiske land og om lag

900 sjøfolk rundt om i verda.

Oppveksten på Dale nær Blomvåg kyrkje var god og trygg. Han hadde familie, vener, kyrkje

og bedehus i gangavstand. Ungdomstida var fylt med fotball, kor og mykje anna. Det tok ikkje lang tid før han fekk leiaransvar. Han kjente òg at det var eit ansvar å vere til stades på det som vart arrangert. Etter at studiane i Trondheim vart avslutta, var han og kona Olaug aldri i tvil om at dei ville flytte heim att til Øygarden.

### Ny oppgåve

Gisle har fleire periodar bak seg i Hjelme og Blomvåg sokneråd. Han går inn i sin andre periode i fellesrådet og vart no valt til leiar. Fellesrådet er eit råd for alle sokna i kommunen og består av ein person frå kvart sokneråd, samt kyrkjeverja og representantar for biskopen og kommunen. Fellesrådet har både arbeidsgjevaransvar og økonomiansvar. Målet er å leggje til rette for at kvart sokn skal ha best mogelege arbeidsvilkår. Aktiviteten er høg og initiativa er mange, men rammene er likevel avgrensa. Gisle er glad for at kommunen ser på kyrkja som viktig i Øygarden og gjev gode rammevilkår. På spørsmål om kva som er fellesrådet si viktigaste oppgåve, svarar han, å gjere gode prioriteringar. Fellesrådet gjorde ei prioritering då sokneråda vart bedne om å samla inn meir pengar til barne- og ungdomsarbeidet, slik at fellesrådet kunne auka den diakonale satsinga.

### Skjergardsheimen

Skjergardsheimen leirstad er ein juvel for barne- og ungdoms-

arbeidet nord i Øygarden. Det er Hjelme og Blomvåg sokneråd som er eigar og i nærare 50 år har kyrkja drive leirarbeid. I vekedagane er det leirskule på Skjergardsheimen og talet på overnattingsdøger kvart år er høgt, omlag 11 000.



Gisle har egne sauer som ein fritidssysse (foto: privat)

Gisle er styreformann for leirstaden. Han har eit stort ynskje om at barn skal oppdaga gleden med å kome på leir. Men å drifta ein leirstad med mange tilsette og stort vedlikehaldsbehov er ei utfordring. Koronatida var hard utan inntekter, og Gisle seier at leirstaden framleis slit med etterverknadane frå pandemien. Men barn elsker leir og som regel er over 60 prosent av alle barn i barne- og ungdomsskulealder i denne delen av kommunen på leir

kvart år. Det er ein verdifull arv å forvalta.

### Påskekvevdar i Blomvåg

I fleire år har det vore «Påskekvevd i Blomvåg kyrkje». Arrangementet har vorte ein tradisjon og Gisle er ein av initiativtakarane. Desse påskekvevdane er eitt av fleire resultat av at soknerådet ynskjer å skapa varme relasjonar og fellesskap. Opplegget varierer år for år, og poenget er å gje nye vinklingar til påskebodskapen. Det har vore vandringar i og utanfor kyrkja, filmframsyning ute på kyrkjeveggen, dagbøker frå ulike aktørar i påskefortellinga, langfredag time for time, Jesu siste setningar på krossen og mykje meir. Om ikkje årets program er heilt klart ennå, vert det uansett flott musikk og tid til eit langt og godt måltid.

### Vil ikkje gå glipp av noko verdifullt

Gisle har aldri vore redd for å ta på seg oppgåver. – Eg ynskjer ikkje å gå glipp av noko verdifullt ved å ikkje vere med. Eg vert kjent med nye menneske og skapar gode relasjonar, det betyr mykje for meg, seier Gisle. Han vil gjerne leggje til rette for at andre og skal oppleve gleden i å engasjere seg. For han sjølv har dei ulike oppgåvene han har gått inn i vore ein del av Guds leing. Det er han takksam for.

Intervjuet vert avslutta, og Gisle gjer seg klår til å verte ein del av bilkøen på Sotra på veg til ein ny arbeidskvardag.



# Konfirmantar 2024!

## FOLDNES KYRKJE

### LAURDAG 4. MAI KL. 10.30

Marie Ersvær Arefjord  
Jørgen Børtvedt  
Alexandra Pareja Eide  
Isabella Pareja Eide  
Mats Einestrånd  
Elias Feten Hagenes  
Marius Tho Hartvigsen  
Jonas Fjøren Heggernes  
William Kvamme  
Madeleine Helgesen Kårstad  
Sebastian Rengpimai Midlang  
Joakim Mjøs-Røli  
William Njøten Myrvang  
Victoria Forsberg Nygård  
Isabel Revheim  
Ferdinand Brun Solberg  
Hårek Bildøy Østvold

### LAURDAG 4. MAI KL. 12.30

Bjørnar Bo Mjømen Aune  
Mia Malene Brekke  
Mathilde Noelle Blindheim Byberg  
Alde Davidsen  
Tonje Malén Ekerhovd-Bjørn  
Emil Skjeldal Hagen  
Nebi Haile  
Olivia Antonette Hansen  
Sofia Havnen  
Amalie Svingen Jacobsen  
Olve Kristian Jakobsen  
Anna Louise Malmo  
Nora Løvaas Midttun  
Didrik Leander Nilsen

Leon Victor Sandvik  
Ingrid Teigen  
William Krøke Wichstrøm  
Leonora Olea Wilhelmsen

### SØNDAG 5. MAI KL. 10.00

Amelia Andresen  
Kristoffer Unneland Blichfeldt  
Madeleine Heggøy Ekerold  
Mathias Engesæth  
Tobias Inthavong Finne  
Martine Foldnes  
Mathilde Hetlelid Folland  
Gabriel Gjersvik Fossåskaret  
Nikolas Eide Halvorsen  
Ingrid Sårheim Hatlelid  
Signe Kaurin Haukenes  
Sofie Sæterlid Hella  
Hermine Holm-Hellesøy  
Sofie Aase Køhne  
Liam Lie  
Lisa Losnedahl  
Mali Grimseid Midtkandal  
Andrea Foldnes Mjeldheim  
Liam Wiik Pedersen  
Stine Seim

### SØNDAG 5. MAI KL. 12.00

Hanne-Sofie Tamsi Bårdsen  
Adrian Selheim Dalland  
Susanne Foldnes  
Emilian Algrøy Hansen  
Lucas Bratland Hansen  
Marcus Baade Hansen

Emilie Hamarsland Hope  
Eirik Støfringshaug Horge  
Emilie-Mari Hveding-Sande  
Thomas Kjøsberg  
Lone Andrea Berstad Kvande  
Ole Dahle Larsen  
Stian Lekven  
Fredrik Eriksen Midttveit  
Liam Børresen Moen  
Lukas Børresen Moen  
Mathias Olsen  
Vegard Ødegård Rolland  
Tiril Lillehaug Solberg  
Thea Stikholmen  
Christoffer Tobiassen  
Sanna Marie Tufto Toft

### SØNDAG 5. MAI KL. 14.00

Erik Hellem Andreassen  
Andreas Emil Bratshaug  
Sofie Norevik Brekke  
Emilia Adriana Eide  
Oskar Fardal Ek  
Patrick Frøland  
Edvard Hansen  
Isak Hetleøen Kalhagen  
Amund Bollmann Lie  
Charlize Alexandra Aadland Lihaug  
Jakob Eeg Lilletvedt  
Nils Terje Pukstad  
Fura Solmundsdottir Sage  
Tobias Aleksander Kausland Syrstad  
Karoline Carlson Wiken  
Daniel Yddal

## FJELL SOKN (i Foldnes kyrkje)

### LAURDAG 27. APRIL KL. 11.00

Emil Nicolai Andresen  
Frida Berdal  
Lukas Breivik Bildøy  
Tobias Birkeland  
Leah Tomine Rogne Birknes  
Selmer Lesego Engelsen Eide  
Julian Lien Ellingsen  
Matilde Grasdahl  
Milla Havås-Strømme  
Magnus Bildøy Kronheim  
Anea Økland Lie  
Chrisander Leonel Covarrubias Lie  
Sofie-Malene Guleng Lie  
Westye Henriksen Marthinussen  
Marie Tøkje Midttun  
Lise Møgster  
Liam Olsbø-Hjelle  
Lars Kobbeltvedt Skauge  
Matilde Kobbeltvedt Skauge  
Adrian Torsvik  
Morten Andreas Muren Tyssebotn

### LAURDAG 27. APRIL KL. 13.00

Linnea Torsvik Ellingsen  
Niklas Norevik Fjell  
Hedda Stahl Galteland  
Dennis Hanøy  
Fredrik Merkesdal Indrevær

Oscar Iversen  
Michael Johannessen  
Maria Solsvik Krüger  
Ivan Georg Altmann Lie  
Natalie Lunde  
Elisa Helle Moen  
Oda-Amalie Aksnes Nesse  
Maria Linéa Nygård  
Julian Thammavongs Refsland  
Thea-Elise Kallestad Sande  
Benjamin Berle Schalck  
Martine Berle Schalck  
Marielle Haga Sulen  
Angelica Weiseth  
Benedikte Solberg Sæther Ørjansen  
Sebastian Østevold-Bergsvik

### SØNDAG 28. APRIL KL. 11.00

Sofie Agathe Alvheim  
Celine Marie Bjørgaas  
Anne-Marie Fjell  
Emma Kristina Ebbesvik Gustafsson  
Aleksander Heie  
Liam Andre Oliveira Håland  
Oscar Andreas Ingebrigtsen  
Iselin Ophus Jakobsen  
Anna Lund Janson  
Alexander Turøy Jenssen  
Sofie Kausland

Elijah Johannes Kopperud Kvinge  
Emma Lenea Bjerke Lilleskare  
Viljar Gudim Sjøvold  
Tristan Ludvigsen Stenehem  
William Stusdal  
Tomas Tveten  
Victor Kønig Ulveseth  
Leander Øvretveit-Nordvik

### SØNDAG 28. APRIL KL. 13.00

Noah Aasen Dale  
Håvard Endal  
Marina Fjellstad  
Emma Helle Gubberud  
Olav Hagenes  
Leah Algrøy Hamre  
Lilly Midttveit Haugland  
Henrik Algerøy Hjartøy  
Magnus Fjellheim Håvardstun  
Maya Knapskog Knutsen  
Linnea Dale Kvarven  
Lone Jarlind Mauland  
Kevin Mongstad  
Ingrid Reinholdtsen Ruden  
Mathias Langeland Sekkingstad  
Aurora Strandtun Silden  
Lotta Langø Sundland  
Adrian Nesse Sævareid

## BLOMVÅG KYRKJE

### SØNDAG 5. MAI KL. 10.30

Aurora Torsvik Sebjørnsen  
Brian Storemark Hellesund  
Daniel Vik  
Emma Bamrungrai Blom  
Johanne Tveit  
Mathias Andersen Dale  
Maximillian Aadland Hamre  
Nicoline Gunnarsen-Green  
Nina Linea Holgersen  
Sara Vik  
Sindre Arnesen Djupevåg  
Stine Hatlø Øvreås

### SØNDAG 5. MAI KL. 13.00

Adrian Isager  
Adrian Widding Jentoft  
Cassandra Selstø Monsen  
Eira Sofie Oen Hellesund  
Ingrid Nakken  
Leah Isabell Langeland  
Lydia Konstanse Andersen  
Melissa Monsen Tornøe  
Mikael Sæle

Pia Sofie Berg Mordal  
Ruben Sætre  
Tomas Heimir Olsen  
Tuva Dale Oen

### LAURDAG 11. MAI KL. 10.30

Emma Margrethe Stenseth  
Julian Umut Isik Alvheim  
Ketil Andre Ingebrigtsen  
Kevin Bergstrøm Gjelsvik  
Lidia Aklilu Tsegay  
Loukas Grøneng Manosakis  
Mads Nicolai Aarø  
Marcus Sæle

Marcus Rong Normann  
Naemi Tesfay Mengesha  
Noah Blomvågnes Hammer  
Selina Isabell Vatnvåg Hennø  
Theodor Haugstad Tveit

### LAURDAG 11. MAI KL. 13.00

Alexandra Tjong  
Andreas Espenes Mikkelsen  
Aron Rosnes Olsen

Benjamin Andersen  
Elias Melås Hellesøy  
Helene Fjeldsaunet Sæle  
Håkon Melås Hellesøy  
Håvard Solsvik  
Jenny Helgesen  
Leander Elias Andersen Wågenes  
Pernille Opheim Kaland  
Robin Gjerald Trondsen  
Ryan Sæle  
Sunniva Ottesen Stølsnes  
Thomas Kinsey Ekerhovd

## HJELME KYRKJE

### SØNDAG 12. MAI KL. 11.00

Andreas Nordvik Oliverson  
Elisabeth Træen Hovden  
Karoline Dale-Nautnes  
Karoline Solbakk  
Noah Skjold  
Sunniva Louise Fjeldstad  
Triana Heggholmen Loftås

## LANDRO KYRKJE

### LAURDAG 11. MAI KL. 10.30

Stian Dale  
Alva Hitsøy  
Noah Håland Hole  
Jacob Landro-Fosse  
Emilia Thea Maurins  
Scarlett Sofie Urtubia Oyarce  
Ronja Sørheim Sekkingstad  
Odin Wanvik Siggerud  
Isabell Misje Spjeld  
Selma Louise Olsen Tveit  
Jonathan Vold

### LAURDAG 11. MAI KL. 12.30

Tiril Bøe  
Andreas Misje Danielsen  
Emilie Pettersen Halvorsen-Ophaug  
Hanne Hansen Kalsås  
Charlotte Haakonsen Landro

Amalie Larsen  
Simon Misje Lokøy  
Patricia Tomar Mørch  
Lydia Linnea Grace Rydståle-Abels  
James Oliver Sanders  
Amanda Sangolt  
Vilde Læg Reid Strømmen  
Sofie Tønder  
Fredrik Jun-Ha Tøssebro  
Leah Marie Varvik

### SØNDAG 12. MAI KL. 10.30

Emil Bergesen  
Karoline Brekkvassmo  
Julian Kaland Eide  
Ingrid Fjæreide  
Maya Winther Frantzen  
Marius Kolstad  
Nathan Kpwata Kombwanga

Daniel Johannessen Oen  
Joachim Scholz-Lauvik  
Dominik Skowronski  
Sondre Udem  
Marina Vaksdal

### SØNDAG 12. MAI KL. 12.30

Jennifer Evensen  
Savannah Rosenvinge Evensen  
Pernille Garlid  
Mali Legland Iversen  
Morgan Marthinussen  
William Nilsen  
Adrian Svendsen Olsen  
Lasse Skjold Skålevik  
Håkon Thorsen  
Aleksander Viksund  
Christian Viksund  
Emma Reuther Wollan

## SUND KYRKJE

### LAURDAG 4. MAI KL. 12.00

Jonas Golten  
Martin Kobbevik Fjellanger  
Leon Hermansen Foldnes  
Mira Gjesholm Hestad  
Isak Thormodsen Høyland  
Carlos Alfonso Sangolt  
Mateo Wikum-Olsen

### SØNDAG 5. MAI KL. 12.00

Leah Emilie Andreassen

Celina Josefine Brodahl  
Vilde Golf  
Daniel Oliver Schei Halsebakke  
Tiril Rykkje Hatland  
Sarah Havneraas  
Sabine Thorgersen Herstad  
Kevin-André Ankjær Jensen  
Ingrid Olava Kallestad  
Laurits Revne Klepsvik  
Sarah Victoria Rong Kårstad  
Mira Kleppe Petterson

Amine Hagenes Skoge  
Ingrid Skyttermoen  
Solveig Sangolt Solsvik  
Benjamin Spilde  
Henrik Steinsland  
Jakob Ringheim Thuestad  
Maria Vindenes  
Maria Vik  
Louisa Jendine Carin Wiers  
Nora Andrea Ågotnes

## KAUSLAND KYRKJE

### LAURDAG 11. MAI KL. 10.00

Mathias Eide  
William Fenne Ekerhovd  
Thomas Landro Glesnes  
Leander Eide Gullord  
Amalie Hammersland  
Benjamin Holbye  
Simon Lerøy Kvalvåg  
Aron André Pedersen-Bratland  
Malene Glesnes Stensvoll

### LAURDAG 11. MAI KL. 12.00

Maria Langsrud Asphaug  
Karoline Øvretveit Bjørklund  
Erika Førde-Vigsø  
Kieran Vestheim Glesnes  
Mira Gjesholm Hestad  
Theodor Lokøy-Helliesen

Mathias Misje Selstø  
Kristine Lokøy Noremark  
Lea Noelle Olsen-Holgersen  
Tuva Øvretveit Revhaug  
Amalie Selstø  
Anja Skjervheim  
Alde Bjørghild Solberg  
Michelle Mydland Steinsland  
Miliam André Nesse Tellnes  
William Schjønningsen Tveit  
Evelina Hetlevik Vabø  
Emily Mathilde Eide Øvretveit

### LAURDAG 11. MAI KL. 14.00

Mathias Bertin Forland Berge  
Theo Hammersland Borgen  
Mikal Lekven Bruvik  
Bjørnar Glesnes

Felix Bratland Hilleren  
Sebastian Kallestad Iversen  
Olava Kallestad  
Emilian Kausland  
Elias Berge Midttveit  
Michael Nesse Ougendal  
Theodor Lokøy-Helliesen  
Leo Rognsøy Hamre  
Mia Rørnes Singdahlsen  
Birk Frostad Stensrud  
Henriette Toft  
Tara Alina Wedel

### SØNDAG 12. MAI KL. 12.00

Emil André Marheim Raun  
Lucas Williams Hansen  
Marcus Westgaard Midttveit





Diakon Torunn Nateland Utvær (t.v.) er prosjektleiar og samarbeider tett med Charlotte Jørgensen (t.h.), helsesjuepleiar på Landro skule.

## God nok

Som kyrkje i lokalsamfunnet ønskjer me å ta barn sine psykiske helseutfordringar på alvor og gjera noko for ungdom i nærmiljøet.

**Tekst: Torunn Nateland Utvær**  
**Foto: Yngvild Mørner Sørheim**

For eit år sidan fekk Landro sokn innovasjonsmidlar i diakoni frå Kyrkjerådet og starta prosjekt "God nok." Det er eit 1,5-årig samskapingsprosjekt mellom Landro kyrkje og Landro skule. Diakon Torunn Nateland Utvær er prosjektleiar og samarbeider tett med Charlotte Jørgensen, helsesjuepleiar på skulen.

Me ønskjer å gi barn høve til trygge fellesskap, samtale og aktivitet. Formålet med God nok er å styrkja barns psykiske helse i overgangen til ungdomstida. Eit fleirtal frå 7. trinn på Landro skule har vore eller er med på God nok. Tilbodet er livssynsoppe.

Me har jente- og gutegrupper i skuletida annakvar veke. Her tek me opp ulike tema innan psykisk helse. I haust leigde me inn Søgne Lillevik Nilsen frå Diameta, eit kompetansesenter for sjølvkjensle og livsmeistring. I vår er planen å leiga inn Barnevakten, ei ideell stifting som jobbar for at barn og unge skal bruka digitale medium på ein trygg måte.

Annakvar veke har me "Etter skuletid" i Landro kyrkje. Her har me med oss fire frivillige, pensjonerte pedagogar. Me har fokus på å vera mange trygge og gode vaksne som har tid og kan sjå den enkelte. Etter eit

varmt måltid med god tid til prat, har me spel og aktivitetar i kyrkjekjellaren, mellom anna bordtennis og biljard. Me har også hatt aktivitet og grilling på bålpanne i kyrkjehagen, og tur i skogen med bål og grilling. På avslutning før jul var gleda stor då me hadde bowling og pizza på Fjell-ly leirplass på Møvik.

I Landro kyrkje har me ei eiga dør me bruker. Der står det: "God nok – verdifull for den du er og ikkje på grunn av det du presterer." Til slutt eit sitat frå ein som gjekk inn døra. "No gjekk eg inn God nok døra. No er eg God nok."

## KONSERTAR OG ARRANGEMENT

DEN NORSKE KYRKJA  
Landro sokn

tysdag 28. mai kl. 17.30  
i Landro kyrkje

# Barnekor- konsert

Med Fjell  
barnekor og  
Landro barne-  
og tweenskor

Arr. Landro sokneråd i samarbeid med  
Eline Olsen og Eivind Kausland Lie



**Lina Sandell**  
i ord og toner

Foredrag ved Borgny Navestad  
Solosong ved Annvor Greibesland  
Kantor Eline Olsen med band

Fredag 12. april kl. 19.00  
i Landro kyrkje

DEN NORSKE KYRKJA  
Landro sokn



**Pinsedagstur for  
Sund kyrkjelyd 20. mai**

2. pinsedag er alle hjarteleg  
velkommen til ei vandring til  
«Lavvoen», ca. 350 m frå kyrkja.  
Vi startar vandringa ved kyrkja  
kl. 11 og held på med program  
til ca. kl. 13. Det vert fokus på  
det sosiale, med andakt, song,  
mat og godt fellesskap.

DEN NORSKE KYRKJA  
Landro sokn



# Jazzgudsteneste!

**BAND:**  
Eline Olsen - Piano  
Erlend Gjøen - Bass  
Rune Landro - Saxofon  
Torleiv Jarland - Trombone  
Laila Linde Lossius - Vokalist  
Morten Vik - Trommer  
Anne Kristine Wallace Turøy - Trompet

**SØNDAG 17. MARS  
KL. 11.00  
I LANDRO KYRKJE**

# BASAR

i Landro kyrkje



Laurdag 20. april  
kl. 15-18

Åresal (Vipps eller kontantar)  
Eige barnelotteri  
Song av barneketret  
Gratis drikke og kaffimat  
Trekking av loddbøker  
Andakt

Basarinntekter i år vil gå til  
innkjøp av nødvendig utstyr til  
bruk av lavvo (sjå s. 27).

Meir informasjon:  
Basargruppa i Landro

## Vårmarknad i Kausland kyrkjelydshus

Laurdag 20. april kl. 14.00  
Kafé og basar!

## Bibeltimar i Nautnes bedehus våren 2024

Torsdag 25. januar kl 19.00  
ved Ole Corneliussen

Torsdag 29. februar kl 19.00  
ved Odd Sverre Hove

Torsdag 21. mars kl 19.00 (påske)  
ved Arnfinn Norheim

Torsdag 25. april kl 19.00  
ved Asle Hetlebakke

Laurdag 27. april (bedehusbasar)  
ved Anita Solbakk

Torsdag 30. mai kl 19.00  
ved Per Hjemdal



# Kyrkjelydshelg

6. OG 7. APRIL I BLOMVÅG KYRKJE

**Laurdag 6. april**  
kl. 09.30 Fellesskapsfrukost med program for barn og vaksne  
kl. 19.30 Song- og musikkveld

**Søndag 7. april**  
kl. 11.00 Gudsteneste med mykje song og musikk

Gjester denne helga er songarene Inger Anita og Kjetil Olsen



DEN NORSKE KYRKJA  
Hjelme og Blomvåg sokn



# Påskekveld

i Blomvåg kyrkje  
tysdag 19. mars kl. 19.00

Bli med på ein kveld med formidling, song og god mat!  
Gjest: Ingvald Andre Kårbø



DEN NORSKE KYRKJA  
Hjelme og Blomvåg sokn



# Gospel-søndag

28. april kl. 19 i Straume Forum

Sangkveld med høy allsangfaktor og sosialt samvær, med band og forsangere/solister.

## Føremiddagstreff i Sund

Føremiddagstreffa i Sund sokn held fram utover i semesteret.

Dei vekslar mellom kyrkjekjellaren i Klokkarvik og kyrkjelydshuset på Kausland kl. 11.30 siste ondagen i månaden (med unntak av påskeveka).

Ein gjest med eit emne blir invitert til kvart av treffa, og det vert servert ein felles lunsj. Sjå På plakaten i Vestnytt eller på kyrkja si heimeside for oppdatering når datoen nærmar seg.

**20. mars – Kyrkjekjellaren i Sund**  
Gjest: Lars Arne Vik. Emne: Påska i ord og tonar

**24. april – Kausland kyrkjelydshus**  
Gjest: Egil Morland (emne ikkje avklart enno).

**29. mai – Kyrkjekjellaren i Sund**  
Gjest og emne ikkje avklart enno

## Onsdagar i Fjell

Sett av onsdagskveldar kl. 19.00 denne våren, og kom til Fjell.

Her møter du fellesskap og spanande tema med noko for både tanke, tru og hjarte. Tid til kveldsmat og prat .

**13. mars - Temakveld " Oppstoda - fakta eller myte ?" Vi er heldige og har med oss «Farmen-presten» Thor Håvik som har arbeidd mykje med temaet.**

**20. mars - «Fest på kjerka»**  
Magne og Bjørg Marit Turøy tek oss med på Sjømannskyrkjer rundt i verda.  
Vi lover vafler, variert program og god stemning!

**17. april - Salmekveld** med syngjande prestar

**15. mai - Kveldsbøn** med retreatpreg



# Aksjon Godheit for 10. gong!

– Fordi vi trur at "Små ting gjort i kjærleik kan forandre verda".

**Godheitsaksjonen 2024 vert arrangert av kyrkjelydane Saron, Straume Forum, Fjell, Foldnes, Landro og Sund tysdag 28., onsdag 29. og torsdag 30. mai - kvar dag kl. 17.-20.**

## **Vi tilbyr gratis assistanse med oppgåver som til dømes:**

- husmaling og husvask utandørs (maks 3-4 m over bakkehøgd)
- plenklipping / hekkklipping / hagerydding
- baking + utdeling av bolleposar
- bilvask ved Fjell kyrkje
- andre liknande oppgåver

Vi prioriterer hjelp til eldre / einslege forsørgjarar / innvandrarar, men også andre kan melde inn ønskje ved å ringje kyrkjekontoret i Øygarden på tlf. 400 03 316 eller sende e-post til [post.oygarden@kyrkja.no](mailto:post.oygarden@kyrkja.no).

Viss du har lyst til å delta som medhjelpar, kan du melde deg på same stad.

## Blir Preg barnehager

NLM-barnehagene har bytta navn og logo, og vart frå og med 1. januar 2024 til Preg barnehager.



Misjonssambandet sine 38 barnehager har til no vore organisert under navnet NLM-barnehagene. No byttar organisasjonen namn til Preg barnehager. Visjonen "Sammen om å sette verdifulle spor" var utgangspunktet for det nye namnet.

I Øygarden kommune har vi tre Preg barnehager. Preg Blomvåg, Preg Straume (tidligere Løveparken) og Preg Toftøy. No er det det nye namnet vårt som kjem til å dukke opp i søkjarportalen til kommunen.

Vi er stolte av det nye namnet og den retninga vi tek, og vi ser fram til å halde fram med å sette verdifulle spor i barna sine liv.



## «Ein hobby eg har»

Heime hjå Arne Martin og Audhild Engelsen på Straume står ein flott og nøyaktig modell av Kongeskipet Norge!

**Tekst: Ragnhild Andersland / Foto: Kjell Andersland**

Modellen er 1,3 m lang, har innlagt lys, og den har detaljert og så korrekt som mogeleg innreiing i alle rom for dei kongelege reisande og for mannskapet. Her er bl.a. spisesal, røykesalong og velutstyrte lugarar. Til og med eit måleri frå skipet har blitt av-fotografert og sett på ein vegg i ein av salongane. Dette er førebels det siste modellskipet Arne har bygd, og han har brukt to år på oppgåva.

Det har seg slik at å bygge båtar og skip er, og har alltid vore, ein kjær hobby for Arne Martin. Han er fødd på Nordnes i Bergen i 1945. Det var sjøfolk i familien hans på begge sider. Faren var sjømann, han hadde også som hobby å bygge modellar av båtar. Sommaren 1946 var Arne Martin på sin fyrste sommarferie eitt år gamal, og turen gjekk til sjøs med far sin båt.

Då Arne var sju år, fekk han ein modell av ei Colin Archer-skute av far sin i gåve, som faren hadde bygd til han. Denne skuta har Arne seinare restaurert ved å ta henne heilt frå kvarandre, og

bygge henne oppatt bit for bit, heilt bokstaveleg. Så slik gjekk det til at Arne Martin sjølv fekk interesse for å bygge båtar, både små og store!

Arne har alltid lagt stor vekt på å få alle detaljar på modellane så tett opp til originalen som mogeleg. Han har difor ofte reist og undersøkt det originale skipet sjølv, om mogeleg. Men det er den praktiske delen av prosjekta, skapinga av modellbåtane, Arne har likt best. Det vert mange kjekke timar med fundering, planlegging og utforming av alle detaljane. Dette er finarbeid. –Det å tre tråd i ei synål blir grovarbeid samanlikna med dette, seier Arne.

Då Arne var godt i gang med Kongeskipet Norge, hadde han kontakt med besetninga om bord for å få meir informasjon. Difor vart han sjølv invitert til å vitja Kongeskipet og fekk full omvising om bord medan skipet låg til kai i Bergen for reparasjon. Arne kan og fortelja mykje om historia til dette skipet. Då kong Haakon kom til Noreg i 1905 ønskte han

seg eit eige skip, og vart lova det. Fyrst i 1947, då kongen hadde 75-årsdag, fekk han skipet. Dette skipet heitte før «Philante», det vart restaurert og bygd om til kongeskip, og gitt til kong Haakon som ei folkegåve.

Arne har bygd åtte båtar/skip til saman, og dei fleste er gitt bort. Fleire er no plasserte der mange kan sjå dei. Arne har t.d. bygd modell av ekspedisjonsskipet «Gjøa», som polfararen Roald Amundsen med mannskap segla gjennom Nordvestpassasjen med i 1903/04. Han har og bygd skuleskipet "Danmark" som er ein fullriggar.

Og så kjem vi til dei store båtane! Arne har bygd tre båtar i full storleik. Det er ei snekke, ein cabincruiser og ein seglbåt. –Barna våre har hatt alle sine somrar i båt frå dei var små, seier Arne Martin. Familien ferierte då i båt kvart år langs kysten frå Stad og sørover heilt til Risør.

Takk for at du ville fortelje om dette, Arne!



### Hels på Kjell Andersland

Han er ein av dei frivillige i Fjell kyrkje. Han er 65 år, bur på Knappskog, og er søndagsskulelærer.

–I Fjell kyrkje er det stort sett søndagsskule på kvar gudsteneste vi har dåp, men ikkje når der er familie-gudsteneste. Her er ei gruppe for dei minste, og ei gruppe for dei i skulealder og oppover, fortel Kjell.

Kjell har vore søndagsskulelærer for dei minste borna, i kyrkjekjellaren, i ca. 20 år. Han har søndagsskule ca. 2-3 gonger i semesteret.

Kjell sin motivasjon for dette er bibelverset som ein kan lese øvst på ei av sidene i koret i kyrkja: «Lat småborna koma til meg, og hindra dei ikkje!»

–Det kjekkaste med dette er å vere saman med borna og få dei engasjerte i bibelforteljingane, slik at dei blir kjende med desse, og får med seg budskapet der. Så er det og kjekt med aktivitetane etterpå, når eg ser at dei trivst i søndagsskulen.

**Vil du vere med i det frivillige arbeidet i kyrkja?**

**Ta kontakt med diakon/  
-medarbeidar i di kyrkje, sjå s. 31.**

# Skjergardsheimen

Om du køyrer nesten lengst nord i Øygarden og tek til høgre mot Hatten rett før du kjem til Nautnes, så finn du Skjergardsheimen leirstad.



Sidan 1978 har det vorte arrangert leirar her i det som tidlegare var Hatten skule. Sidan har det vorte bygd på og utvida. Skjergardsheimen er i dag eigd av soknerådet i Hjelme og Blomvåg og er ein sentral del av trusopplæringa for kyrkjelyden her.

Dei som går i grunnskulen og høyrer til soknet her får tilbod om leir kvart år. I 1. og 2. klasse er det leirdag. Frå 3.-7. klasse er det leir med overnatting. I tillegg er det konfirmantleir og ein felles leir for 8.-10. klasse. I 2023 arrangerte kyrkjelyden dermed ni leirar her med til saman 312 deltakarar og 56 frivillige leiarar.

Elles i året er plassen utleigd til andre som arrangerer menighetsweekend, konfirmantleirar eller andre arrangement. I tillegg har fleire skular leirskule her i vekene og leirstaden arrangerer sommarleirar for Bergen kommune i sommarmånadane.

Styrrar Jan-Owe Jensen står for den daglege drifta av leirstaden saman med fleire som har deltidsstillingar innanfor reinhald, kjøkken, vedlikehald og som lærarar på leirskulen.

Svært mange har fått høyre om Jesus på denne staden opp gjennom åra og me ønskjer at det skal halda fram slik i mange år endå!



Jan Tommy Fosse, Gisle Kårbø Rong, Kirsten Marie Angeltveit Kjølén, Anne Grete Hareide, Ingvill Kvalsnes Blom, Arvid Nese og Torill Selsvold Nyborg. Foto: Annlaug Børve

## Øygarden kyrkjelege fellesråd 2023-2027

Sokneråda i Øygarden har valt desse medlemene til Øygarden kyrkjelege fellesråd:

- Gisle Kårbø Rong (leiar), Hjelme og Blomvåg
- Anne Grete Hareid (nestleiar) Sund
- Torill Selsvold Nyborg, Foldnes
- Arvid Nese, Fjell
- Kirsten Kjølén, Landro

Biskopen har peika ut geistleg representant:

- prost Jan Tommy Fosse

Øygarden kommune har valt kommunal representant:

- Ingvill Kvalsnes Blom

Kyrkjeleg fellesråd har arbeids-gjevaransvar, økonomiansvar, ansvar for bygg og anlegg og er tillagt gravferdsforvaltning på vegne av stat og kommune. Budsjettramma er på 56,5 mill. og det er 52 tilsette i fellesrådet.



### Takk til Dag-Olav Bjørøy

«Eg er glad eg har fått gitt mitt bidrag» skreiv Dag-Olav Bjørøy i førre utgåve av Himmel&hav. Og Dag-Olav har sanneleg bidratt med mykje! I heile 17 år har han vore rådsleiar. Først i ni år i Fjell sokneråd, deretter fire år i Fjell kyrkjelege fellesråd og så fire år i Øygarden kyrkjelege fellesråd.

Vi vil takke Dag-Olav for det utrøyttlege engasjementet han har vist alle desse åra, gjennom både inspirerende og utfordrande saker i rådet. Den lange fartstida til Dag-Olav har bidratt til at fellesrådet har kunna sjå dei lange linene i arbeidet sitt. Ikkje sjeldan har fellesrådet hatt nytte av Dag-Olav sin kunnskap og erfaring.

Dag-Olav har også vist omsorg for dei tilsette og hatt omtanke for at fellesrådet skal vere ein god arbeidsgjevar. Dette har ikkje minst kome meg som kyrkjeverje til gode. Eg vil takke Dag-Olav for eit godt samarbeid gjennom mange år.

*Annlaug Børve, kyrkjeverje*



## Bli med på gjevartenesta: Saman om barne- og ungdomsarbeid!

### Viktig arbeid

Kyrkja i Øygarden ønskjer å vere ein viktig arena for barn og ungdom i nærområdet vårt.

Kyrkja får tilskot frå kommunen til kyrkjelege tenester og frå bispedømerådet til trusopplæring. Andre aktivitetar vert støtta av midlar kyrkja får inn frå gjevarar.

Vi ønskjer å styrkje og sikre det gode barne- og ungdomsarbeidet vi har.

### Skattefrådrag

Gåver til Den norske kyrkja gjev rett til frådrag i inntekta før skatt. Ein føresetnad for at soknet skal innrapportere til likningskontoret, er at fødselsnummeret er oppgitt.

### Vil du vere med?

Du bestemmer sjølv måten du vil gje på, vi vil oppfordre til å bruke autogiro.

På nettsida finn du lenke til kvart sokn der du kan opprette autogiroavtale for gjevarteneste. Dette er ein enkel og trygg måte å

gje pengar på, både for deg og for oss. Det ligg også papirskjema for autogiroavtale i kyrkjene.

Vi håpar du ser verdien av det arbeidet sokna gjer for barn og ungdom, og kan tenkje deg å støtte opp om dette!

Bli med ved å gå inn på [kyrkja.no/oygarden/gjevarteneste](http://kyrkja.no/oygarden/gjevarteneste) eller scan QR-koden:





# Korleis vil du at Gud skal hugse deg?

Per Hjemdal  
Sokneprest i Fjell



Nei, eg veit sjølvsagt at Gud hugsar alle – det er vårt håp, at ikkje ein er gløymd av Gud! «Ikke en spurv til jorden», som det står i songen. Når vi kjenner oss små, og ser at det oftast er sant, ordtaket «Om 100 år er allting gløymd», då er det godt og til å bli trøysta av:

*Kan ei omsorgsfull mor gløyme barnet ho bar? Sjølv om ho skulle gløyme, skal eg ikkje gløyme deg, seier Herren. Jesaja 49.15.*

Og likevel: Korleis vil du bli hugsa av Gud?

For i Det nye testamente er det to stader nokon som særleg blir løfta fram til minne og eksempel av Herren Jesus.

Det er for det første ei kvinne med dårleg omdømme som stormar inn i eit framandt og besteborgarleg hus. Ho bryr seg ikkje ein døyt om skam og vanære. Ho har ei krukke full av kostbar salve som ho heller over Jesu hovud.

*Læresveinane såg det og blei sinte: Kva skal slik sløsing tena til? Men Jesus svara: Overalt i verda skal det ho gjorde, bli fortalt til minne om henne. Markus 14.3-9.*

Ho elska Jesus og ville takka han for at han elska henne tilbake. Det visste ho av at han hadde tilgitt henne all hennar synd og skam. Difor fekk han det mest dyrebare ho eigde. Til gjengjeld blir ho hugsa av Gud – og av alle som les Guds ord.

Men den andre som blir hugsa er også ei kvinne, men ho gjorde ikkje noko storslagent. Tvert om, det var smått og stakkarsleg, det ho gjorde.

Ho stod mellom dei rike og dei som gjorde det vel i samfunnet då dei gjekk forbi kollektkorga. Dei gav store setlar: 200-lappar, 500-lappar, ein og anna 1000-lapp.

Men ho gav sine siste to krone-stykke. For det var alt ho eigde. Då ho hadde gitt vekk det, måtte ho starta frå botnen av. Ho måtte leite etter nye flaskar å pante dersom det skulle bli mat på henne den dagen.

Men Jesus såg kva ho gjorde, at ho gav alt ho eigde. Utan å dømme dei som gav mykje, var det henne han lovpriste framfor læresveinane:

*Denne fattige enkja har gjeve meir enn nokon av dei andre! Dei gav av sin overflod, men ho gav av sin fattigdom alt det ho hadde å leva av! Luk 21.4*

Dermed blei ho løfta fram av Jesus. Kyrkja har til alle tider hugsa henne, slik også Gud har, kvar gong han har høyrd sitt eige ord lest på jorda. Ikkje verst!

Eg trur eg knapt nokon gong har gjeve av anna enn mi overflod. Korleis er det med deg?

Paulus skriv til kyrkjelyden i Korint:

*Den som sparsamt sår, skal òg hausta sparsamt, og den som sår med velsigning, skal òg hausta med velsigning. 2 Kor 9.6*

«Hausta med velsigning.» Hm. Kanskje eg heller skulle starta med spørsmålet: Korleis vil du bli velsigna av Gud?



## LIVETS GANG

4. november - 9. februar

### DØYPTE

#### Kausland kyrkje

Vilma Nordvik Hollup  
Thalia Starheim  
Ida Hammersland  
Mathea Sangolt  
Mons Rokkones  
Tara Alina Wedel

#### Sund kyrkje

David Thormodsen Pedersen  
Gabrielle Kristelle Andersen Toft  
Johannes Bauge Sellevold

#### Fjell kyrkje

Nora Kilbride Skarholm  
Marthe Stavland Bjordal  
William Jellestad Eriksen  
Ellinor Aunebakk Fjell  
Maria Vike Paulsen  
Isak Alexander Rasmussen  
Isabel Madsen Ekehaug  
Nora Drengenes-Nilsen  
Reina Hjørnevik Kvamsdal  
Jonah Høgøy Storesund  
Malin Sævareid Tveit  
Luna Sævareid Tveit  
Nikoline Brommeland  
Tiril Alrek Veiberg

#### Foldnes kyrkje

Leah Sangiorgi Hobbeldstad  
Ulrik Gåsland Osebakken  
Lilly Lie Mikalsen  
Agate Angeltvedt Gasbjerg Læg Reid  
Peter Skumsnes Sæle  
Tristan Fauskanger Glesnes  
Tuva Vogt Sandnes  
Magnus Thomassen Hella Steen  
Mathilde Foldnes Øverleir  
Jens Gjøen  
Mileah Lokøy Lyngbø  
Conrad Anglevik Birkeland  
Thea Fjell Hesvik

#### Landro kyrkje

Alva Landro Andersen  
Emilia Heimark  
Vida Algrøy Fossheim  
Mathilde Tvedt Halland  
Cassandra Lokøy Sture  
Eirun Ravnild Husum Christiansen

Johannes Landro Sekkingstad  
Maja Kålås Pisani  
Milea Wilborn Larsen  
Casper Angeltveit  
Sebastian Ekren-Østgulen  
Ludvig Landro Dyrnes  
Ulrikke Elise Heimark

#### Blomvåg kyrkje

Ulrikke Heieren Haugetun  
Malene Breivik  
Trond Sørenes  
Olivia Canty Godøy  
Lillinor Neeven  
Mads Nikolai Aarø  
Julian Umut Isik Alvheim  
Nina Linea Holgersen  
Pia Sofie Berg Mordal  
Aron Olsen  
Olivia Canty Godøy

#### Hjelme kyrkje

Emilia Moen

### VIGDE

#### Foldnes kyrkje

Oda Kvam Heradstveit og  
Ruben Stefansen Hjørnevik

### DØDE

#### Kausland kyrkje

Roald Hellebø f. 1943  
Herborg Øvretveit f. 1928  
Aslaug Flatråker f. 1931  
Björg Marie Spilde f. 1934  
Charles Ryland f. 1947  
Lilly Eide Nisamjan f. 1944  
Benthe Elin Goltén f. 1968  
Liv Hildbjørg Iversen f. 1952  
Lars Lid f. 1952  
Paul Magnar Bårdsen f. 1951  
Anna Midttveit Bakke f. 1930

#### Sund kyrkje

Svein Ove Refvik f. 1949  
Normann Ivar Bøe f. 1947  
Kari Landro f. 1940  
Elna Telnes Mjelstad f. 1941

#### Foldnes kyrkje

Oline Berntine Lokøy f. 1922  
Olav Hesjevoll f. 1940

Jørgen Saksen Hammer f. 1979  
Åse Pisani Storemark f. 1953  
Jon Tore Teigland f. 1968  
Gerty Rønnestad f. 1937  
Jan Henrik Kristiansen f. 1941  
Björg Antonia Ekren f. 1943  
Vienna Bratland Polo f. 2022  
Vidar Tvedt f. 1980  
Albert A. Henningsen f. 1942  
Svein Fjelland f. 1945  
Bernt Johan Smedhaug f. 1949  
Anne-Lin Mikkelsen f. 1968  
Lars Bertin Syltøy f. 1938  
Thor Arthur Frotjold f. 1956  
Frøydis Eilertsen f. 1942  
Lars Kåre Foldnes f. 1930  
Petter Brokke f. 1935  
May-Brit Øvretveit f. 1960  
Jan Magne Kalstad f. 1947  
Per Roger Langø f. 1948  
Torkel Sekkingstad f. 1936  
Jorunn Edith Alvestad f. 1953  
Leif Ragnvald Paulsen f. 1934  
Åse Brita Sætènes f. 1938  
Per Johannes F. Knutsen f. 1950  
Bjørn Bjørsvik f. 1939

#### Landro kyrkje

Gerd Lilly Lie f. 1936  
Hilmar Heggøy f. 1940  
Anna Alise Algrøy f. 1926  
Astrid Turøy f. 1932  
Harriet Landro f. 1934  
Margot Kristine Solsvik f. 1932  
Olav Kålås f. 1933  
Inger Johanne Langøy f. 1940

#### Blomvåg kyrkje

Oddvar Gunnar Torsvik f. 1947  
Gerhard Malvin Vik f. 1939  
Kjersti Andersen Fjeldstad f. 1951  
Anlaug Else Torsvik f. 1940  
Berta Marie Gjengedal f. 1942  
Karin Pernille Fjeldstad f. 1933  
Astrid Rong f. 1929

#### Hjelme kyrkje

Bjarne Skjøld f. 1938  
Berta Hellesund f. 1935  
Orlaug Pauline Sæle f. 1943  
Jenny Annlaug Hellesund f. 1934

# Nye i kyrkjestaben

Vi ønsker velkommen til dei som er tilsette i vinter!



**Bodil Lee Øksnes Espedahl** er tilsett som vikar i stillinga som leiar av seksjon for barn og unge. Bodil kjem frå stilling som lærar i Bergen.



**Marija Bernotaite** er tilsett som organist i Sund. Marija har byrja i 50 % medan ho avsluttar stillinga si som organist i Askøy. Ho vil auke stillinga frå i vår.



**Solveig Karoline Flekstad Vik** er tilsett som organist i Fjell kyrkje. Solveig er framleis student ved NTNU i Trondheim der ho studerer kyrkjemusikk. Ho tiltreer stillinga i august.



DEN NORSKE KYRKJA

VEL MØTT TIL

## Årsmøte

Foldnes kyrkje søndag 17. mars etter gudstenesta kl. 11

Hjelme kyrkje søndag 17. mars etter gudstenesta kl. 11

Landro kyrkje søndag 7. april etter gudstenesta kl. 11

Sund kyrkje søndag 14. april etter gudstenesta kl. 11

Fjell kyrkje søndag 21. april etter gudstenesta kl. 11

**Årsmeldinga vert tilgjengeleg i kyrkja og på nettsida  
[kyrkja.no/oygarden/arsmelding](http://kyrkja.no/oygarden/arsmelding)**



# KVA SKJER?

## Barn og unge i Hjelme og Blomvåg sokn

<b>LEIRAR PÅ SKJERGARDS-HEIMEN</b> 15.-17. mars: 6. klasse 24.-26. mai: Ungdomsskuleleir  Påmelding: kyrkja.no/ hjelmeogblomvag	<b>REFUEL</b> 8. mars 22. mars 5. april 19.-21. april: Refuel-Weekend 21. april 3. mai 31. mai 14. juni  Rong senter kl. 19.30–22.30	<b>KRIK</b> 1. mars 15. mars 12. april 26. april 10. mai 24. mai 7. juni  Hjeltefjorden arena kl. 19.30–21.30	<b>GOSPEL-TEENS</b> 5. mars 19. mars 2. april 16. april 30. april 14. mai 28. mai  Blomvåg kyrkje kl. 18-20	<b>SMÅBARNSSONG</b> 12. mars 26. mars 9. april 23. april 7. mai 21. mai  Blomvåg kyrkje Kl. 17.30
---	--	--	---	--

**TWEENSFEST**  
For 5.-7. klasse  
Blomvåg barnehage  
7. juni kl. 18-20.30



# Barne- og tweens-program

## i Sund kyrkjelyd

**Stjerne- og Tweenskoret**  
Likar du å synge?  
Vi har kor som øver i Sund kyrkje ca. annankvar tysdag:  
12. mars  
9. og 23. april  
14. og 28. mai  
**Stjernekor** er for deg som er mellom 4-9 år. Vi møtes klokka 17.30-18.10.  
**Tweenskoret** er for deg som går i 4. klasse og oppover. Vi øver kl. 18.15-19.15.

**Betweenklubb**  
kl. 17:30 til 19:30  
Frå 3. klasse og oppover! I kyrkjekjellaren, Sund kyrkje. Vi leikar, ulike aktivitetar, lærer frå bibelen, et kvelds saman.  
20. mars  
24. april  
22. mai

**Myldredag**  
kl. 17-19  
Middag, bibelforteljing, aktivitetar og felleskap.  
Ta med familien og kom, eller kom åleine  
**Kyrkjekjellaren i Sund Kyrkje**  
6. mars  
10. april  
8. mai  
**Kyrkjelydshuset på Kausland**  
13. mars  
17. april  
15. mai

# Barnekryssord



## 3. klasse på vandring

No i januar var fleire av 3. klassane på kyrkjebesøk i si lokale kyrkje. Dei fekk ein spanande og lærerik føremiddag. Her eit glimt frå undervisning rundt orgelet i Foldnes kyrkje. Aasmund Brekke imponerte med variert spel og orgel-quiz !



## Bok til elevar i 5. klasse

Til gudstenesta i Sund kyrkje på 1. søndag i advent var 5. klassingane i Sund sokn inviterte til å koma til kyrkja. Der skulle dei få utdelt «Teikneseriebibelen». Seks elevar møtte opp, og dei fekk kvar sin teikneseriebibel utdelt av nokre elevar som går to klassar over dei, nemleg dei som var med på Lys Vaken og som hadde overnatta i kyrkja.



### Vannrett

2. Bekrefte
3. Lever
4. Hovedstad
6. Eternavn
7. Brygge i Oslo
8. Vinteraktivitet
13. En Bratseth
14. Jentenavn

### Loddrett

1. Postnr. 7374
2. Fornavn statsminister
3. Jentenavn
5. .... og aske
9. Mann fra Irland
10. Reise
11. Jentenavn
12. Nyvaska

YOUR WAY™



Bli med i trekninga av hamburger med drikke og dessert for 4 personar på Burger King Sartor!

Send inn kryssord til:  
Øygarden kyrkjekontor  
Tytebærbrekko 2  
5353 Straume  
Merk konvolutten:  
Kryssord

Frist: 23. april

Vinnar av Barnekryssord  
i Himmel&hav nr. 2 – 2023:  
Jonas Holmen  
frå Brattholmen

Namn.....

Adresse.....

.....

# T-dagen

trusoppføringsdagen  
i Fjell, Foldnes og Landro

Glimt frå T12 LysVaken,  
T3 Advent og T9 Tårnagent!



T12



T3



T9



T9



T12



T3



T12



T3



T9



T9

På T12-dagen var ein god gjeng flotte sjuandeklassingar «lys vakne» i Landro kyrkje. Dei overnatta i kyrkerommet, og på søndagen var det fargerik familiegudsteneste og misjonsbasar. T3-dagen blei gjennomført i både Fjell, Foldnes og Landro kyrkjer. Tema var advent, og treåringane fekk ei fin julebok i gåve. På T9-dagen myldra det med svartkledde tårnagentar i heile Foldnes kyrkje. Dei fleste våga seg heilt opp til toppen av kyrkjetårnet, og alle var med på ulike, spanande agentoppdrag.

## Invitasjon til T-dagar!



T2

**Påskevandring**  
Laurdag 9. mars  
i Foldnes kyrkje



T13

**Fellesskap**  
Laurdag 13. april  
i Foldnes kyrkje



T5

**Den gode gjetaren**  
Onsdag 17. april  
i Foldnes kyrkje

**Påmelding og  
meir info:**  
[kyrkja.no/t-dagen](http://kyrkja.no/t-dagen)



# Stor stas med juletefest!

Både små og store trivdest når kyrkjene var fylt til tradisjonelle juletefestar første helga i januar. God mat, andakt, leikar, juletegang og besøk av dei heilage tre kongar, noko for heile familien!



Foto frå Hjelme kyrkje, Fjell kyrkje, Foldnes kyrkje og Landro kyrkje



## Ei annleis Vi syng jula inn

Det vart ein stemningsfull samling helga før jul ved Fjell kyrkje. Jula blei sunge inn utanfor kyrkja med faklar og konfirmantar, brassmusikk frå Øygarden kyrkjebrass, andakt, gløgg og tenning av julegran på tårnet.



## «Ung messe» med konfirmantane i Sund kyrkje

Siste søndagen i januar var det «Ung messe» i Sund kyrkje. Alle konfirmantane var med, og opplegget i gudstenesta var basert på arbeid dei hadde gjort på konfirmantleiren ei veke tidlegare. Der hadde dei blitt delt inn i grupper som hadde jobba med ulike emne i Bibelen: Guds skaparverk, Noas ark, Dei ti bod, Jesus og Tru, von og kjærleik. På «Ung messe» måtte gruppene kome fram, emnet vart forklart av ein av leiarane, og ein eller to frå kvar gruppe fekk stille to spørsmål til soknepresten om emnet. På biletet svarer presten på spørsmål frå gruppa med emnet Guds skaparverk. Eit av spørsmåla galdt aktiv dødshjelp, noko presten svarte nei til. Til kvart emne var det òg knytt ein salme som heile kyrkjelyden tok del i.

Olai Otterå



## Julemesse

Den årlege julemessa i Sund kyrkje vart halden laurdag 18. november. Kyrkjekjellaren vart fylt opp av folk som mellom anna flittig nytta seg av kaféen, der ein kunne kjøpa både graut og kaffi med ulike kaker attåt. På nokre langbord var det fullt av julekaker, julebrød, lefser, kakebotnar og syltetøy. Ja, vottar og labbar kunne ein også få kjøpt.

Ein viktig del av ei slik julemesse er dei to åresala som vert gjennomførte i løpet av samlinga, for tanken er å samla inn mest mogleg med pengar. Denne gongen skulle pengane gå til det generelle

arbeidet i kyrkjelyden. Og folk kjøpte villig årar, og mange var gevinstane ein hadde fått tak i.

Undervegs i julemessa kom dei to barnekora i kyrkjelyden, Stjernekorset og Tweenskorset, og song fleire songar. Det vart òg sett av tid til ein andakt. Til slutt var det trekning av dei 105 loddbøkene som var selde. Sluttresultatet viste at det kom inn over 90.000 kr på julemessa denne gongen, noko som er rekord for julemessa i Klokkarvik!

Olai Otterå





## Julafta

Mange innleia julehøgtida med å vera med på julegudsteneste i kyrkjene. I Blomvåg kyrkje var om lag 400 personar innom kyrkja på dei to gudstenestene. Gospelteens skapte ekstra fin julestemning med sine friske ungdommelege songar.

Ottar Vik



## Song jula inn i Kausland kyrkje

Søndag 17. desember vart jula sunge inn i Kausland kyrkje. Mange av dei kjende julesongane stod naturleg nok på programmet. Tre adventslys vart også tende medan ein song «Tenn lys».

Men det var ikkje berre allsong som stod på programmet, også fleire andre songinnslag var det gjort plass til. Dei to barnekora, Stjernekorset og Tweenskorset, starta det heile med fire julesongar.

Seinare var det Karina, Ingeborg og Anne Britt Hollup som song «Gamal Maria-vise». Dirigent for barnekora, Hanne Kathrine Boga, song «Mariavise». Det var plass til både juleevangeliet og ein andakt.

Olai Otterå



## Tverrkyrkjeleg gudsteneste

På Bibeldagen søndag 28. januar gjekk fleire kyrkjer og forsamlingar i kommunen saman om å halde gudsteneste. Ein årvisst tradisjon som vi alle er blitt glade i. Dette året var Straume Forum vertskap.

Fokus var Bibelmisjon. Og ein stor kollekt gjekk til bibelarbeidet i Gulf-området.

Vi gir deg ro til å hedre den som har gått bort.



**Φ**  
ΦIEDER

SOLSTRANDS  
BEGRAVELSESBYRÅ

Sartorgården, 2. etg. over Meny, 5353 Straume  
Tlf: 55 55 16 16 | solstrands.no | post@solstrands.no

*Bergen & Omegn*  
BEGRAVELSEHJELP  
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden    Espen Polden    Heine Polden    Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700  
www.bergenogomegn.no

**AVD. BERGEN**  
Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**  
2.etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



**Leirstedet til IMF  
Midthordland**



- Leir - Ungdomsklubb - Catering - Bowling - Kurslokaler - Overnatting - Selskapslokaler til små og store anledninger - Bursdagsarrangement

**Tlf. 56 31 04 40**  
**Fjell-ly leirsted**  
Møvikvn.193, 5357 FJELL. [www.fjell-ly.no](http://www.fjell-ly.no)



**Sund Senter  
Blomster**



**Opningstider**  
Mån.-ons. kl. 09-18, tors.-fred. kl. 09-20 og laurdag kl. 09-16

Vi er fagutdanna og utfører alt i binderi til fødsel, dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferder - og elles det du måtte ønska. Vi har utkjøring av blommar kvar dag. Vi har gravstell.

**Tlf.: 56 33 90 13**

**Annonserer i**  
*Himmel & hav*

Vil du synast for alle innbyggjarar i Øygarden kommune?

Bladet hamnar i alle postkasser i Øygarden, og det er 4 utgåver pr. år med eit opplag på ca. 15 000

Ved å annonsere i Himmel&hav får du gjort bedrifta di synleg i eit seriøst magasin til heile Øygarden.

**Ta kontakt med oss for meir informasjon og prisar:**  
[ys487@kyrkja.no](mailto:ys487@kyrkja.no)

**Din lokale elektriker!**



**Thunestvedt**  
Vestgar

Møllestykket 21  
5360 Kolltveit  
**Tlf. 400 30 210**  
[vestgarelektro.no](http://vestgarelektro.no)  
[vestgar@thunestvedt.no](mailto:vestgar@thunestvedt.no)

**TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?**  
Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)



**SOS**  
22 40 00 40

**SOS**  
CHAT

**SOS**  
MELDING

**KIRKENS**  
**SOS**



Type lavvo og plassering er ikkje bestemt.

Illustrasjon lavvo:  
Jørn Are Keskitalo - ovttas.no

## Lavvo ved Landro kyrkje

Sparebank Vest og Fana Sparebank har innvilga pengar og planane om lavvo i kyrkjehagen ved Landro kyrkje kan realiserast.

**Tekst: Alvhild Vassel Eide**

**Foto: Yngvild Mørner Sørheim**

Kyrkjehagen er alt i bruk av ulike grupper: den opne barnehagen som held til i kyrkjekjellaren, generasjonssamlingane som bl.a. driv eit vekstprosjekt der og eit samarbeidsprosjekt med Landro skule om psykisk helse blant barn. Barnekoret og ungdomsarbeidet i Landro nyttar også kyrkjehagen.

Soknerådet ønskjer i samarbeid med andre i nærmiljøet å arbeida for å skapa gode møteplassar og eit levande lokalsamfunn. Håpet er å vera med i kampen mot utanforskap og ønskjer at

kyrkjehagen kan vera med å tilretteleggja for lek, aktivitet, relasjonsbygging og gode møteplassar mellom menneske.

I desse planane har lavvoen ein viktig plass. No er pengane til lavvo innvilga og arbeidet kan starta.

Soknerådet har sett ned ei arbeidsgruppe som har representantar både frå stab, sokneråd og frivillige.

–Grappa har første møte i siste halvdel av januar, der vert det bestemt kva lavvo som skal kjøpast inn og plasseringa av lavvoen i kyrkjehagen, fortel Dag-Olav Bjørøy i arbeidsgrappa.

Deler av arbeidet vert gjort av staben, men det vert også kalla inn til dugnad til andre deler av jobben. –Vi har god erfaring med at slikt arbeid er kyrkjebyggjande, med tanke på både bygg og kyrkjelyd, seier Dag-Olav, som ser fram til at lavvoen kjem på plass i kyrkjehagen.



# Lys vaken – ei natt i kyrkja!

Siste helga i november og første helga i desember fekk mange 7. klassingar overnatte i ei kyrkje. Søndagen var dei med på gudsteneste i kyrkja.

**Tekst: Alvhild Vassel Eide / Olai Otterå / Hogne Berland**  
**Foto: Bjarte Nese**

## Første gong i Landro kyrkje

– Det var så fint å sjå alle desse ungdommane i kyrkja, og så flinke dei var å syngja. Den eldre kvinna smiler og er rørt i det ho går ut frå gudstenesta i Landro siste helga i november. Han er stolt, faren som ser son sin vera aktiv i gruppa som har laga til basar til inntekt for Landro sitt misjonsprosjekt i samband med «Lys Vaken».

For første gong er «Lys Vaken»-arrangementet i Landro kyrkje. Over 50 12-åringar har halde til i kyrkja frå laurdag ettermiddag til avslutta kyrkjekaffi etter

gudstenesta. Dei har hatt heile kyrkja til disposisjon, dei har ete og sove i kyrkja, dei har sunge, dei har lytta, dei har vore med på bønevandring og dei har delteke aktivt i gudstenesta bl.a. med song og med dramatisering av «Den gode samaritan». Dei har laga kakene til kyrkjekaffien, ordna med basargevinstane og selt lodd.

– Vi har hatt ei kjekk helg! Smiler jentene som har pakka saman soveposar og bagar og gjort seg klare til å dra heim etter «LysVaken»-arrangementet. Det har også vi som fekk vera saman med dei!

## Helga etter - i Sund kyrkje

Elevane møtte opp kl. 18, og utover kvelden var det fleire aktivitetar. Første var ein leik som gjekk ut på å bli kjende. Elevane kjende nok dei fleste, men også dei vaksne skulle bli kjende med dei 7. klassingane som var med.

Dei var med på å laga til ei krybbevandring der dei dramatiserte juleevangeliet, frå hyrdingane på marka til det som skjedde i stallen. Elevane fekk kvar sine oppgåver i denne vandringa der dei gjekk frå post til post inne i kyrkja.



Lys Vaken-gjengen song «Tenn lys» medan det første adventslyset vart tent i Sund.  
Foto: Olai Otterå



I Blomvåg kyrkje var soveposen god å ha!  
Foto: Privat

Elevane laga òg gule stjerner som dei hengde opp ved utgangsdøra. Seinare på kvelden gjekk dei ut og hadde snøballkrig. Middag fekk dei i løpet av kvelden, lasagne med fruktdessert etterpå.

Og så måtte dei øva litt på det som skulle skje i gudstenesta dagen etter, før dei til slutt kunne finna seg ein plass i kyrkja der dei kunne sova. Det var varmt i kyrkja, så det tok nok litt tid før dei siste hadde sovna. Med seg inn i søvnen hadde dei fått ei «God natt»-forteljing, nokre ord om bøn, og dei hadde hatt ei samling rundt lysgloben.

### 1. søndag i advent

Dagen etter, var det gudsteneste, og Lys Vaken-gjengen song «Tenn lys» medan det første adventslyset vart tent. Seinare i gudstenesta tende dei lys i lysgloben etter kvar av bønene for kyrkja og verda.

I løpet av gudstenesta vart det delt ut ein teikneseriebibel til elevar i 5. klasse, og det var LysVaken-gjengen som hadde fått oppgåva med å dela ut bøkene.

Dei vaksne som hadde ansvaret for Lys Vaken-gjengen let vel over elevane, dei tykte det var ein fin gjeng med eit godt fellesskap. Etterpå var det nokon som lurte

på om dei kunne koma attende neste år. Men det går nok ikkje, for dette er eit årleg tilbod som gjeld elevar i 7. klasse.

### Kaldt ute, litt varmare inne

15 kjekke 6. klassingar var på plass på Lys vaken i Blomvåg kyrkje 2.-3. desember. Det var snø og kaldt ute, men varmepumpa gjekk for fullt inne, så det vart i alle fall litt varmare der!

På samlingane fekk vi høyre om at Jesus er det sanne lyset som kom til verda den første jula. Ellers vart timane i kyrkja fylt med mykje aktivitetar, konkurransar og god mat. Og berre cirka tre timar etter leggetid hadde dei fleste sovna!

# VELKOMMEN TIL GUDSTENESTE!

## SØNDAG 3. MARS

**Sund kyrkje kl. 11:** Faste-gudsteneste ved Lars Arne Vik, dåp og nattverd. Offer: Basecamp.

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp og nattverd. Offer: T-dagsarbeidet.

**Hjelme kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Knut Kaldestad, dåp og nattverd. Offer: DNI.

## TYSDAG 5. MARS

**Blomvåg kyrkje kl. 06.30:** Morgonmesse med husorkester, nattverd og andakt ved Per Hjemdal.

## SØNDAG 10. MARS

**Kausland kyrkje kl. 11:** Fastegudsteneste ved Jan Tommy Fosse, dåp og nattverd. Offer: Sjømannskirken.

**Sund kyrkje kl. 17-19:** Open kyrkje, her kan du tenne lys, be, reflektere eller berre vere til stades.

**Fjell kyrkje kl. 11:** Diakonens dag, gudsteneste ved Astrid Fylling og Per Hjemdal, dåp og nattverd. Offer: misjonsprosjektet vårt.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Maria Tveten, nattverd og søndagsskule-/ring. Gospelkoret Lokal Vokal deltek. Offer: musikkarbeidet i kyrkja.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Bjarte Nese, dåp og nattverd. Ope offer.

**Blomvåg kyrkje kl. 11:** Sprell levande gudsteneste ved Knut Kaldestad, dåp. Utdeling av 5-årsbibel, barnekoret Lyslastaren deltek. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**Bjørøy bedehus kl. 17:** Gudsteneste ved Maria Tveten.

## SØNDAG 17. MARS

**Sund kyrkje kl. 11:** Mariamesse, ved Lars Arne Vik, dåp og nattverd. Offer: For Livsrett og Menneskeverd.

**Fjell kyrkje kl. 11:** Familie-gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd. Offer: Kirkens Nødhjelp.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Fasteaksjonsgudsteneste ved Maria Tveten, dåp og nattverd. Årsmøte etterpå. Offer: Kirkens Nødhjelp.

## Landro kyrkje kl. 11:

Jazzgudsteneste ved Knut Kaldestad, dåp og nattverd. Offer: Kirkens Nødhjelp.

## Hjelme kyrkje kl. 11:

Sprell levande gudsteneste ved Espen Tveten, dåp og nattverd. Årsmøte etterpå. Offer: kyrkjelydsarbeidet.

## PALMESØNDAG 24. MARS

**Kausland kyrkje kl. 11:** Påske-gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp og nattverd. Offer: kyrkjelydsarbeidet.

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Jan Tommy Fosse, dåp og nattverd. Offer: eige arbeid.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Familie-gudsteneste ved Maria Tveten, dåp. Offer: NMS Thailand/DNI Jesu døtre.

**Landro kyrkje kl. 11:** Familie-gudsteneste ved Bjarte Nese, dåp. Offer: Kirkens bymisjon i Bergen.

**Blomvåg kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Espen Tveten, tale ved Arvid Vik. Dåp og nattverd. Offer: Normisjon.

## SKJÆRTORS DAG 28. MARS

**Sund kyrkje kl. 17:** Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, nattverd. Offer: kyrkjelydsarbeidet.

**Foldnes kyrkje kl. 17:** Gudsteneste ved Maria Tveten, nattverd. Kveldsmat etterpå.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Knut Kaldestad, nattverd. Offer: eige arbeid.

**Hjelme kyrkje kl. 18:** Kveldsgudsteneste ved Espen Tveten, nattverd. Offer: Norsk Luthersk Misjonssamband.

## LANGFREDAG 29. MARS

**Kausland kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Lars Arne Vik.

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Per Hjemdal.

**Blomvåg kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Knut Kaldestad. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

## PÅSKEAFTAN 30. MARS

### Foldnes kyrkje kl. 23:

Påskennattsmesse ved Per Hjemdal, nattverd.

### Kausland kyrkje kl. 23.15:

Påskennattsgudsteneste ved Lars Arne Vik.

## PÅSKEDAG 31. MARS

**Sund kyrkje kl. 11:** Høgtids-gudsteneste ved Lars Arne Vik, dåp og nattverd. Offer: NLM.

**Fjell kyrkje kl. 12:** Høgtids-gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd. Offer: eige arbeid.

**Foldnes kyrkje kl. 12:** Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp og nattverd. Offer: Sjømannskirken.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Bjarte Nese, dåp og nattverd. Offer: Misjonsprosjekt med NMS i Thailand.

**Hjelme kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Espen Tveten, dåp og nattverd. Offer: Misjonsprosjektet Thailand - NMS og IMI-kyrkja.

## 2. PÅSKEDAG 1. APRIL

**Fjell festning kl. 11:** Friluftsgudsteneste ved Per Hjemdal. Offer: Kirkens bymisjon Bergen.

## SØNDAG 7. APRIL

**Kausland kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Lars Arne Vik, dåp og nattverd. Offer: kyrkjelydsarb.

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp og nattverd. Offer: misjonsprosjektet vårt.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Maria Tveten, dåp og nattverd. Offer: Areopagos.

**Landro kyrkje kl. 11:** Avskjeds-gudsteneste ved Bjarte Nese, dåp og nattverd. Offer: eige arbeid. Årsmøte etterpå.

**Blomvåg kyrkje kl. 11:** Song- og musikk-gudsteneste ved Espen Tveten, dåp og nattverd. Offer: Misjonsprosjektet Thailand - NMS og IMI-kyrkja.

## SØNDAG 14. APRIL

**Sund kyrkje kl. 11:** Familie-gudsteneste ved Lars Arne Vik, dåp. Offer: kyrkjelydsarbeidet. Årsmøte etterpå.

**Fjell kyrkje kl. 11:** Familie-gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd. Offer: Kirkens SOS.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Knut Kaldestad, nattverd. Offer: Menneskeverd.

**Hjelme kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Espen Tveten, dåp og nattverd. Offer: Tro og medier.

## SØNDAG 21. APRIL

**Kausland kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp. Offer: Norges KFUM-Speidere.

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd. Offer: KABB. Årsmøte etterpå.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Maria Tveten, dåp. Offer: Åpne dører.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Knut Kaldestad, dåp og nattverd. Offer: KRIK.

**Rong kulturhus kl. 11:** Gudsteneste ved Espen Tveten, tale ved Kristian Siljuholtet. Refuel-weekend. Offer: Refuel.

## SØNDAG 28. APRIL

**Sund kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Lars Arne Vik, dåp og nattverd. Offer: Blå kors.

**Foldnes kyrkje kl. 19:** Kvelds-gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, nattverd. Offer: KRIK.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med dåp og nattverd. Offer: Tro og Medier.  
**Hjelme kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Knut Kaldestad, dåp og nattverd. Offer: Menneskeverd.

## SØNDAG 5. MAI

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Jan Tommy Fosse, dåp og nattverd. Offer: eige arbeid.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med dåp og nattverd. Offer: Tro og Medier.

## KRISTI HIMMELFARTSDAG 9. MAI

**Vik bedehus kl. 11:** Gudsteneste ved Espen Tveten, nattverd.

## SØNDAG 12. MAI

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd. Offer: t-dagsarbeidet.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp. Offer: Tro og Medier.

## FREDAG 17. MAI

**Kausland kyrkje kl. 10:** Gudsteneste ved Lars Arne Vik. Offer: KIA Norge.

**Sund kyrkje kl. 11.30:** Gudsteneste ved Lars Arne Vik. Offer: KIA Norge.

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Per Hjemdal. Offer: Sjømannskirken.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Familie-gudsteneste ved Maria Tveten. Offer: Stefanusalliansen.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste. Offer: Kirkens SOS.

**Blomvåg kyrkje kl. 10:** Gudsteneste ved Espen Tveten. Offer: Basecamp.

**Hjelme kyrkje kl. 11.30:** Gudsteneste, Offer: Basecamp.

## PINSEDAG 19. MAI

**Kausland kyrkje kl. 11:** Høgtidsgudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp og nattverd. Offer: Den norske Misjonsallianse.

**Fjell kyrkje kl. 11:** Høgtidsgudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd. Offer: NLA høgskulen.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Høgtidsgudsteneste ved Maria Tveten, dåp og nattverd. Offer: ungdomsarbeidet.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med dåp og nattverd. Offer: Misjonsprosjekt NMS i Thailand.

**Blomvåg kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Espen Tveten, dåp og nattverd. Offer: Misjon uten grenser.

## SØNDAG 26. MAI

**Sund kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Lars Arne Vik, dåp og nattverd. Offer: Misjonsalliansen.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med dåp og nattverd. Offer: Norges KFUK-KFUM.

**Hjelme kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Knut Kaldestad, dåp og nattverd. Offer: Cuba.



Dåp betyr at det er høve til å ha dåp. Vi tek atterhald om at det kan komme endringar i gudstenestene, følg med på

SKJERIKYRKJA.NO

# Kontaktinfo

## SOKNERÅDSLEIARAR

**Sund sokneråd:**  
Arne Bakke, arne-bak@online.no

**Fjell sokneråd:**  
Eigil Nødtvedt, netgil@online.no

**Foldnes sokneråd:**  
Per Helge Refvik,  
perhelgerefvik@msn.com

**Landro sokneråd:**  
Dag-Olav Bjorøy, bjoeroy@online.no

**Hjelme og Blomvåg sokneråd:**  
Erling Vik, erl-vik@online.no

## FELLESRÅDSLEIAR

Gisle Kåbø Rong,  
gislerong@hotmail.com

## KYRKJEVERJE

Annlaug Børve, 473 04 530,  
ab766@kyrkja.no

## SJELESORG OG SAMTALE

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortalt oss kjem ikkje vidare. Du må difor med frimod ta kontakt med ein av oss:

Prost Jan Tommy Fosse: 924 63 278

Sokneprest i Sund Lars Arne Vik:  
477 56 440

Sokneprest i Fjell Per Hjemdal:  
411 26 549

Sokneprest i Foldnes Maria Tveten:  
450 63 016

Sokneprest i Landro Bjarte Nese:  
915 32 437

Sokneprest i Hjelme og Blomvåg  
Espen Tveten: 916 17 800

Diakon i Fjell, Astrid Fylling: 971 75 733


Diakon i Sund, Torunn N. Utvær:  
922 34 648

Diakonmedarbeidar i Hjelme og Blomvåg /  
Foldnes, Ellen Ebbesvik: 924 42 881

Diakonmedarbeidar i Landro,  
Renate Olsen Seim: 994 63 819

Du kan også lese  
om kyrkja si  
verksemd på:  
[kyrkja.no/oygarden](http://kyrkja.no/oygarden)

Returadresse:  
Øygarden kyrkjekontor  
Tytebærbrekko 2  
5353 Straume



## Rom for ei ny byrjing

I dåpen får vi løftet om at Jesus er med oss alle dagar. Vi blir sameina med Kristus, og blir ein del av det store fellesskapet i kyrkja. Dåp skjer vanlegvis i ei søndagsgudsteneste, eller i ei eiga dåpsgudsteneste.

For informasjon og påmelding til dåp og dåpskurs gå inn på  
[kyrkja.no/oygarden/dap](http://kyrkja.no/oygarden/dap)



Dåp



## FASTEAKSJONEN 17. MARS 2024

Eit håp kan byrje med ein drope vatn og gje ei framtid utan svolt, fattigdom, sjukdom, krig og konflikt. Ver med i årets fasteaksjon og gjer ein forskjell for dei som treng det aller mest. Støtta frå deg reddar liv.

**Vipps til 2426**

[www.fasteaksjonen.no](http://www.fasteaksjonen.no)



**KIRKENS NØDHJELP**  
actalliance